



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 30.10.2017
Møtestad: Matre skule
Møtetid: 12:00 - 17:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
John Torsvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Daae	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Bjarte Andvik	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Hildegunn Bjånes	AP	Torill Torsvik Størkersen
Kurt Henning Oppedal	H	Bjarte Andvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass.rådmann Sveinung Toft og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

Sakliste

Saknr	Tittel
059/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
060/2017	Godkjenning av møtebok
061/2017	Oppretting av ungdomsråd i Masfjorden
062/2017	Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd
063/2017	Kommunale omsorgsbustader på Haugsvær
064/2017	Revisjon og utviding av feietenesta
065/2017	Budsjettendring 2017/Masfjordsambandet
066/2017	Referatsak
002/2017	Orientering frå rådmann

Referat frå dialogmøte mellom ungdomstrinnet på Matre skule og kommunestyrerepresentantane

Bjørn Egil Nordland (Ap) sa at han hadde fått tilbakemelding på at ein på dialogmøte på Nordbygda skule hørte dårleg. Dessutan viste ein ikkje kven desse politikarane var og bad difor om at ein starta dette dialogmøte med ein presentasjon og at alle som skulle delta i dialog / diskusjon i møtet, nytta talarstolen.

Jana (9.klasse) og Amatheia (8.klasse):

- Lærebøkene er gamle og dei ønskjer seg nye. Dei viser til at Nordbygda skule har nye bøker. Særleg naturfagbøkene er utdatert og matte- og engelskbøkene er gamle.

Rådmannen svara at i utgangspunktet har ein økonomiske rammer ein styrer dette. Det meste her er løn til tilsette på skulen mens det i driftsramma er lagt inn ein lik sum pr elev på kvar skule til skulebøker. Det er knappe rammer så det kan ta lang tid før skulebøkene vert fornya.

- Rekkverk på gang- og sykkelstien på Haugsvær vert dårleg brøyt. Reglane er slik at viss ein brøytekontraktør øydelegg noko når han brøyter, må han betale for skaden sjølv. Sidan det er trangt på gang- og sykkelvegen og brøytekontraktørene er redd for å øydelegge noko, vert resultatet dårleg brøyting.

Ordførar svara at han skulle ta dette opp med Statens Vegvesen neste gong han hadde møte med dei.

- Kan Matre skule få nytt anlegg for ringeklokke og brannalarm? Dette er 50 år gammalt og er øydelagt mange stader.

Ordførar svara at eit slik anlegg skal kontrollerast kvart år og ein skal ikkje ha eit brannvarslingsanlegg som ikkje verkar. Han lova å sjekke opp i dette. Rådmannen stadfesta at nytt ringeklokke- og brannalarmanlegg var meldt inn i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

- Til slutt lurar dei på om det er sant at ein skal slutte å gje løyve til skuletur for 10.klassane?

Ordførar sa at dei eldste elevane ikkje trengte å bekymre seg for dette, men at dette kan verte tema ved seinare budsjettprosessar.

Sofia og Roya (6.klasse):

- Vi vil ha frukt tilbake.

Ordførar svara at ønsket er notert.

Josefine, Mathilde, Lava, Magnus M og Magnus F (8.klasse):

- Ønskjer at grønt i skulen får fortsette uendra og lurar på kvifor dei får mindre pengar til dette formålet no? Dette er lærerikt og dei elevane som har vore med, har fått vore med på mykje

blant anna slakting, sauesanking og lemming. Dei har og lært om sesongar i åkeren, stadnamn og historie. Før hadde ein pengar til overnatting og julemåltid. Dette har ein ikkje lenger. Elevande lurar på om dei politiske partia ønskjer at denne ordninga skal forsette?

Bjørn Egil Nordland (Ap) lurar på om ein kan bruke nokre av midlane i kraftfondet som er sett av til elevbedrifter til dette formålet. John Torsvik (H) oppmoda skulen til å utnytte dei midlane dei får til dette formålet, og komme med tilbakemelding til kommunestyret. Wenke Fredheim Ekren (H) meiner at Masfjorden sau og geit har litt pengar og oppmoda skulen ein å søke om pengar her. Geir Egil Haugsvær (Sp) seier at Masfjorden sau og geit framlegg deler ut saueslakt til skulane og det er berre å ta kontakt. KrF, FrP og V slutta seg til at det ovannemnde.

Tore, Torgeir (9.klasse), Eirik, Andre og Martin (8.klasse)

- Dei hadde i utgangspunktet to spørsmål men dei har alt fått svar på spørsmålet om lys på Haugsvær etter spørsmål frå Jon Hope (KrF). Det andre spørsmålet gjeld opprydding etter fiberutbygginga på Haugsvær – det ligg att utstyr etter denne utbygginga.

Ordførar svara at han rekna med at alt vart rydda opp når utbygginga var endeleg ferdig.

Stine, Marta og Thea (10.klasse)

- Dersom bru blir ein realitet, vil dette gå utover andre ting som kommunen brukar pengar på, og kva konsekvensar får dette for oss som går på skule?

Ordførar svara at det i utgangspunktet er bilistane som skal betale for brua slik at etablering av Masfjordbrua ikkje vil gå direkte utover drift av det kommunale tenestetilbodet.

- Skulesamanslåing ungdomsskulen Matre og Brekke. Gulen kommune har tatt opp denne saken og har sagt at det er ein god idé, men dei vil ha ungdomsskulen på Brekke. Kva meier politikarane om dette?

Ordførar svara at han ikkje kjende til at det har vore ein debatt i kommunestyret om dette. Frode Langhelle (H) sa at ein ønskte å høyre på elevane og få mandat frå dei for den vidare jobbing med ei eventuell samanslåing av ungdomskulane i kommunen.

- Me ser at det vert asfaltert i dei dårlege partia på vegane våre, men det ser ikkje så bra ut når berre deler av vegen vert asfaltert. Kvifor er ikkje heile vegen blitt asfaltert når dei først er i gang i staden for denne smålapping av vegane?

Ordførar svara at dette gjeld asfaltering på fylkesvegar og der er det ikkje kommunen som bestemmer.

059/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

30.10.2017 KOMMUNESTYRET

Det vart gjort framlegg om Atle Nordland (H) og Hildegunn Bjånes (Ap) til å skrive under møteboka. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 059/2017 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

060/2017: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

30.10.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 060/2017 VEDTAK:

Møtebok frå kommunestyret 21.09.17 vert godkjend.

061/2017: Oppretting av ungdomsråd i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn framlegg til vedtak her

19.10.2017 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden ungdomsråd vert oppretta i 2018. Framlegg til vedteketer for ungdomsrådet vert handsama som eige sak.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 090/2017 VEDTAK:

Masfjorden ungdomsråd vert oppretta i 2018. Framlegg til vedtekter for ungdomsrådet vert handsama som eiga sak.

30.10.2017 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til vedtak i møtet:

Masfjorden ungdomsråd vert oppretta frå skuleåret 2018/19. Framlegg til vedtekter for ungdomsrådet vert handsama som eiga sak.

Framlegg til vedtak jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KS - 061/2017 VEDTAK:

Masfjorden ungdomsråd vert oppretta frå skuleåret 2018/19. Framlegg til vedtekter for ungdomsrådet vert handsama som eiga sak.

062/2017: Vedtekter for Masfjorden ungdomsråd

Rådmannen sitt framlegg:

Skriv inn framlegg til vedtak her

19.10.2017 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 091/2017 VEDTAK:

Framlegg til vedtekter for Masfjorden ungdomsråd vert vedteke slik det ligg føre.

30.10.2017 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta,

Jon Hope (KrF) sette fram følgjande framlegg til endring i § 1C:

- eit allsidig kultur og idrettstilbod (istaden for meir allsidig kultur- og idrettstilbod
- å betre tilhøva for mjuke trafikantar (istaden for betre tilhøve for mjuke trafikantar

Atle Nordland (H) sette fram følgjande tilleggssetning § 2 A

To representantar, ein av kvart kjønn, frå aldersgruppa 16-19 bør velgjast. Representantane skal vere førespurt.

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endring frå KrF og tillegget og H vart samrøystes vedteke.

KS - 062/2017 VEDTAK:

Framlegg til vedtekter for Masfjorden ungdomsråd vert vedteke slik det ligg føre med dei endringane som er gjort i kommunestyret.

063/2017: Kommunale omsorgsbustader på Haugsvær

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune kjøper 2 utseksjonerte bueiningar som skal nyttast som omsorgsbustader i Haugsværtunet AS. Dette er med atterhald av at kommunen får statleg finansiering til 2 omsorgsbustader gjennom Husbanken. Masfjorden kommune skal eige desse to bustadane, og er ansvarleg for å leige dei ut etter regelverk for omsorgsbustader.

Kjøp av 2 utseksjonerte omsorgsbustader på Haugsvær blir lagt inn i økonomiplan 2018 – 2021.

19.10.2017 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 092/2017 VEDTAK:

Masfjorden kommune kjøper 2 utseksjonerte bueiningar som skal nyttast som omsorgsbustader i Haugsværtunet AS. Dette er med atterhald av at kommunen får statleg finansiering til 2 omsorgsbustader gjennom Husbanken. Masfjorden kommune skal eige desse to bustadane, og er ansvarleg for å leige dei ut etter regelverk for omsorgsbustader.

Kjøp av 2 utseksjonerte omsorgsbustader på Haugsvær blir lagt inn i økonomiplan 2018 – 2021.

30.10.2017 KOMMUNESTYRET

Bjørn Egil Nordland (Ap) sa seg ugild i saka sidan han var dagleg leiar i Haugsværtunet.

Det vart samrøystes vedteke at Nordland var ugild i saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

KS - 063/2017 VEDTAK:

Masfjorden kommune kjøper 2 utseksjonerte bueiningar som skal nyttast som omsorgsbustader i Haugsværtunet AS. Dette er med atterhald av at kommunen får statleg finansiering til 2 omsorgsbustader gjennom Husbanken. Masfjorden kommune skal eige desse to bustadane, og er ansvarleg for å leige dei ut etter regelverk for omsorgsbustader.

Kjøp av 2 utseksjonerte omsorgsbustader på Haugsvær blir lagt inn i økonomiplan 2018 – 2021.

064/2017: Revisjon og utviding av feietenesta

Rådmannen sitt framlegg:

Masfjorden kommune vedtek å utvide feietenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar, samt ei stilling for administrative og merkantile oppgåver. Dette innafor sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiing og tilsyn av fritidsbustader.

Heimel: Forskrift om brannførebygging av 1. januar 2016

19.10.2017 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til endring i andre setning i framlegg til vedtak:

Administrative og merkantile oppgåver for feietenesta skal løysast ved eigne, interne ressurser.

Framlegg til vedtak med endringa jobba fram i møtet vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 093/2017 VEDTAK:

Masfjorden kommune vedtek å utvide feietenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar. Administrative og merkantile oppgåver skal løysast ved eigne, interne ressurser. Dette innafor sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiing og tilsyn av fritidsbustader.

Heimel: Forskrift om brannførebygging av 1. januar 2016

30.10.2017 KOMMUNESTYRET

Saka vart dørfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 064/2017 VEDTAK:

Masfjorden kommune vedtek å utvide feietenesta frå 1 til 2 heile stillingsheimlar som feiar. Administrative og merkantile oppgåver skal løysast ved eigne, interne ressurser. Dette innafor sjølvkost og på bakgrunn av krav i forskrift om feiing og tilsyn av fritidsbustader.

Heimel: Forskrift om brannførebygging av 1. januar 2016

065/2017: Budsjettendring 2017/Masfjordsambandet

Rådmannen sitt framlegg:

Driftsbudsjettet for 2017 vert justert med ein brutto kostnad knytt til Masfjordsambandet i 2017 med 6 mill.kr., og denne posten vert finansiert med 1,2 mill.kr. i mva.kompensasjon og restsum vert dekkja av fondsmidlar, 4,8 mill.kr. av tidlegare års avsette midlar til «brufondet».

19.10.2017 FORMANNSKAPET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - 095/2017 VEDTAK:

Driftsbudsjettet for 2017 vert justert med ein brutto kostnad knytt til Masfjordsambandet i 2017 med 6 mill.kr., og denne posten vert finansiert med 1,2 mill.kr. i mva.kompensasjon og restsum vert dekkja av fondsmidlar, 4,8 mill.kr. av tidlegare års avsette midlar til «brufondet».

30.10.2017 KOMMUNESTYRET

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 065/2017 VEDTAK:

Driftsbudsjettet for 2017 vert justert med ein brutto kostnad knytt til Masfjordsambandet i 2017 med 6 mill.kr., og denne posten vert finansiert med 1,2 mill.kr. i mva.kompensasjon og restsum vert dekkja av fondsmidlar, 4,8 mill.kr. av tidlegare års avsette midlar til «brufondet».

066/2017: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

30.10.2017 KOMMUNESTYRET

Skriftlege spørsmål:

Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP):

For ei veke sida var eg på damebadinga på Matre og registrerte at hjertestartaren i bassenget peip. Ei som var med og har erfaring frå ambulansen sa at hjertestartaren var tom for strøm og at peddane ein festar til kroppen var 3 år gamle og burde vore skifta ut for lengst.

Eg snakka med leiar i IL Bjørn West som sa at hjertestartaren var donert til Brannvesenet og dei har ansvar for tilsyn og vedlikehald av desse. Gamle peddar var allereie meldt inn til Brannvesenet.

Eg sende e-post til Sigvald Kvinge om dette, men har ikkje fått noko tilbakemelding.

I går 25.10.17 var vi på nytt på bading og hjertestartaren står framleis og pip. Eg har også fått melding om at hjertestartaren på Solheim Grendehus har same problem. Eg gjer merksam på at dette problemet kan gjelde fleire startara også.

Mitt spørsmål er om det er Brannvesenet som har tilsyn og vedlikehald av hjertestartarane i Masfjorden og om kvifor desse ikkje vert ført tilsyn med?

Skulle det oppstå ein nødsituasjon og hjertestartarane ikkje virkar er dette svært alvorleg. Det ville vere betre å fjerne desse enn at dei heng der utan strøm og gamle peddar. Dette er ein falsk tryggleik.

Eg har også forstått det slik at hjertestartarane er kartlagt hos redningsentralen. Då må ein forvente at dei til einkvar tid er funksjonelle og virkar.

Ordførar svar at han har bedt rådmannen lage sak på dette til neste kommunestyremøte

Jon Hope (KrF):

Dette gjeld avkøyrsla frå E39 ned mot Haugsvær kai. Svingen ned mot kaien er både knapp og smal. Her har lange køyretøy, som mjølke- og dyrebilar, vanskar med å kome fram, serleg på vinterføre. Det same gjeld traktorar med tvillinghjul. Etter det dei køyrande seier, er det ikkje mykje som trengs for å betra tilhøva.

Eg kjenne til at dette spørsmålet har vore framme fleire gonger, og at brukarane har sendt søknad om at svingen vart gjort betre tenleg for desse køyretøya. Det har og vorte sagt at arbeidet har vore kostnadsrekna. Eg rekna såleis med at administrasjonen kjenner til problemet.

Det er viktig for oss å leggja tilhøva best mogeleg til rette for at produsentane kan verta kvitt varene sine.

KrF sitt spørsmål vert difor: Kan ordføraren lova å ta tak i dette problemet, og syta for at vegen kan verta utbetra slik trafikantane ynskjer.

Ordførar lova å ta tak i saka.

Siri Tangedal Kratzmeier (KrF):

Etter at RenoNorden, avfallsselskapet som har tømt boss for NGIR i nordhordlandskommunane, slo seg sjølv konkurs, er det fleire som har teke til orde for at NGIR bør drive innhenting av husholdningsavfall i eigen regi. KrF ber om å få ei orientering om kva som skjer vidare i denne saka, gjerne til neste kommunestyremøte.

Egil Kvingedal (ein av kommunen sin representantar i representantskapet i NGIR) orienterte kort. Ordførar konkluderte med at det sannsynlegvis vert eiga sak til alle kommunestyra før NGIR tar ei beslutning om vegen vidare.

Referatsaker:

Skriv 1: Skatt tom august

Skriv 2: Skatt tom september

Skriv 3: Skjønntilskudd 2018

Skriv 4: Brev statsbudsjettet 2018

Skriv 5: Kontrollutvalet - møteutskrift

Skriv 6: Til Kommunestyret- epost frå Engesund fiskeoppdrett ang grøne konsesjonar

Skriv 7: Ny operasjonssentral i Vest politidistrikt

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 066/2017 VEDTAK:

Referatsaker vert tekne til orientering

002/2017: Orientering frå rådmann

Rådmannen sitt framlegg:

30.10.2017 KOMMUNESTYRET

Orienteringssaker:

- Budsjetframlegg 2018
- Status investeringsprosjekt 2017
- Eigedomsskatt
- Kraftinntekter
- Møteplan 2018

Møteplan 2018 var utsendt i forkant, og godkjent i møte.

Gjennomgang av budsjettframlegg 2018 og økonomiplan 2018-2021 med basis i sak som går til politisk handsaming i formannskapet 7.november og deretter offentlig ettersyn i om lag 14 dagar, før handsaming i kommunestyret 28.11.2017.

KS - 002/2017 VEDTAK:

Rett utskrift frå møteboka frå kommunestyret 30.10.17 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Atle Nordland
kommunestyremedlem

Hildegunn Bjånes
kommunestyremedlem